



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 18.06.2015

**Møtestad:**

**Møtetid:** 09:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordfører	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Marit Steinestø	Krf	Varaordfører
Egil Kvingedal	V	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. Rådmann Sveinung Toft og konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka.

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
082/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
083/2015	2. gangs handsaming av områdeplan for fylkesveg 570 Einestrاند - Nordre Kvinge
084/2015	Bestandsplanområde Gulen-Masfjorden nord, adminstring av løyver
085/2015	Referatsak

**082/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**18.06.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 082/2015 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

**083/2015: 2. gangs handsaming av områdeplan for fylkesveg 570 Einestrand - Nordre Kvinge**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 områdeplan for fylkesveg 570 Einestrand – Nordre Kvinge.

Plankartet vert påført svingradiusar og siktsonar

**18.06.2015 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vert samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 083/2015 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 områdeplan for fylkesveg 570 Einestrand – Nordre Kvinge.**

**Plankartet vert påført svingradiusar og siktsonar**

---

## **084/2015: Bestandsplanområde Gulen-Masfjorden nord, adminstring av løyver**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Gulen kommune administrer tildeling av løyver for dei valda i Masfjorden som har skrive under innmeldingserklæring. Masfjorden kommune tildeler til resterande vald.

### **09.06.2015 FORMANNSKAPET**

Saka vert utsett til neste formannskapsmøte.

### **FS - 079/2015 VEDTAK:**

**Saka vert utsett til neste formannskapsmøte.**

### **18.06.2015 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Egil Kvingedal, V** la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tar bestandplanen 2015-2017 til orientering.  
Masfjorden kommune tildeler løyve til vald i eigen kommune.

Grunngjeving: Masfjorden kommune plikter å sjå på heile kommunen under eitt. Når bestandsdelsplanen ikkje omfavnar heile Masfjorden so er det å føretrekkja at Masfjorden kommune sjølv tildeler løyve i egne vald.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå Venstre vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

### **FS - 084/2015 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune tar bestandplanen 2015-2017 til orientering.**

**Masfjorden kommune tildeler løyve til vald i eigen kommune.**

**Grunngjeving: Masfjorden kommune plikter å sjå på heile kommunen under eitt. Når bestandsdelsplanen ikkje omfavnar heile Masfjorden so er det å føretrekkja at Masfjorden kommune sjølv tildeler løyve i egne vald.**

---

## **085/2015: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **18.06.2015 FORMANNSKAPET**

Endring aml (framlegg AP sist formannskapsmøte)

#### **1. Framlegg frå Arbeidarpartiet om å sette eit punkt i AML på sakskartet i formannskapet.**

Masfjorden Kommune skal være en ansvarlig og seriøs arbeidsgiver, der trygg eldreomsorg, gode skoler og gode kommunale tjenester for befolkningen har hovedprioritet. Som følge av dette, ønsker kommunen en arbeidsmiljølov som gir trygghet og stabilitet for arbeidstakere og arbeidsgivere. Det oppnår man ikke med økt bruk av midlertidige ansettelser».

**Saka vart drøfta og framlegget til AP kommentert og referert til erfaring frå ein del andre kommunar.**

#### **Røysting:**

Framlegget vert ikkje sett på sakakartet i formannskapet mot ei stemme (Ap).

#### **2. Kjøp av grunn Hosteland.**

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Formannskapet godkjenner kjøpsavtale for areal på gnr. 14 bnr. 3 på Hosteland. Det vert vist til avtale med underskrift av seljar dagsett 16.06.2015.

Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å gjennomføra avtalen.

#### **Røysting:**

Framlegg frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **3. Etableringstilskot S.Fredheim.**

Utfordring i høve utbetaling av tildelt etableringstilskot vart drøfta med formannskapet, har ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon enno, men regelverket skal følgjast. Ved delt eigarforhold kan ½ av tildelte tilskot utbetalast. Rådmannen følgjer opp saka i tråd med delegert fullmakt.

#### **4. Mobil/breiband indre Haugsdal – finansiering.**

Utbygginga er gjennomført, kostnad langt utover det som vart stipulert i opphavleg søknad om statleg medfinansiering, ordning via fylkeskommune. Rekning frå telenor for anleggsbidrag litt over 1 mill.k.r Formannskapet ga støtte til betaling av rekning Telenor no, og at finansiering kjem på plass seinare, og saka vert følgt opp overfor Fylkeskommunen for å få ut mest muleg tilskot/støtte til prosjektet, restfinansiering (kommunal finansieringsdel) vert innarbeid i revidert investeringsbudsjett sept. 15.

#### **5. Nettstar – utbygging Fossen – breiband**

Utbygginga er gjennomført, utan finansiering – mindre kostnad, litt over 40.000. vert sett i samanheng med fylkeskommunalt tilskot mobil- og breibandsutbygginga. Formannskapet ga støtte til betaling av rekning Nettstar no, og at finansiering kjem på plass seinare, i revidert investeringsbudsjett sept. 15

## **6. Avtale Skjelsundet vel + lånegaranti**

Avtale mellom Skjelsundet vel Org.nr. 915 087 256 og Masfjorden kommune, org.nr. 945 627 913 som gjeld overtaking av installasjonar ved Skjelsundet nærmiljøanlegg

1. Masfjorden overtek som eigar av installasjonar/anlegg på Skjelsundet, gnr. 5, bnr. 62, oppført av Skjelsundet vel sommaren 2015. med instasjonar meiner ein leikeplass med div. utstyr + evt. avklaring m/grunneigar
2. Avtalen om eigarskap gjeld i 10 år, frå dato avtalen er underskriven
3. Det skal ikkje betalast vederlag, verken for overtaking eller tilbakeføring etter 10 år.
4. Utgifter til drift og vedlikehald av området og installasjonar, er Masfjorden kommune uvedkommande. Ansvar for området ligg til vellaget/Skjelsundet nærmiljøanlegg
5. Masfjorden kommune går inn med eit tilskot til prosjektet, tilsvarande utgifter til momskompensasjon på dokumenterte utgifter
6. Skjelsundet vel/nærmiljøanlegg søker sjølv om eksterne midlar til delfinansiering og vidareutvikling av området
7. Masfjorden kommune kan stille lånegaranti på inntil 200.000 i inntil 2 år.

Vart godkjent av formannskapet

## **7. Støy Sandnes skule**

Ordfører har vore i møte med skulen/FAU om tiltaket. Skulen/FAU har stilt krav til tiltaket som ein kan innfri. Ein har ikkje fått endeleg kostnad på arbeidet. Tiltaket innafor ei kostnadsramme på 40.000 godkjent.

## **8. Sal av den kommunale fiberkabelen**

Statusorientering om pågåande forhandlingar med ein aktuell kjøpar – legg opp til sak i løpet av hausten.

## **FS - 085/2015 VEDTAK:**

### **Referatsaker vert tekne til orientering**

-----  
**Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 18.06.15 vert vitna:**

\_\_\_\_\_  
Karstein Totland  
ordfører

\_\_\_\_\_  
Marit Steinestø  
varaordfører